



28. februar, 2012

**Det kongelige barne-, likestillings- og inkluderingsdepartement
v/ekspedisjonssjef Arni Hole**

Høyringsvar: Lovforslag om tydeleggjering av rettar ved foreldrepermisjon

Vi takkar med dette for oversending av lovforslaget om tydeleggjering av rettar ved foreldrepermisjon. Norske kvinnelige akademikere, NKA, er i hovudsak positive til lovforslaget. Tydelegare formuleringar i likestillingslovas vern mot kjønnsdiskriminering vil gjere arbeidsmarknaden tryggare og meir føreseieleg for permisjonstakarane, og sakene til Likestillings- og diskrimineringsombodet vil truleg bli færre. Departementet ber spesielt om tilbakemelding på to spørsmål i presiseringsforslaget:

1. Er det andre situasjonar der permisjonstakarar vert utsette for diskriminering?

Her vil NKA nemne to grupper. Den første er dei som tar omsorgspermisjon på grunn av sjuke, eller pleietrengane born eller foreldre, eller som tar lengre omsorgspermisjon enn det fødselspermisjonen åpner for. Desse kan etter vårt skjøn enkelt innlemmast i det nye presiseringsforslaget. Den andre gruppa er dei som går ned i stillingsprosent på grunn av omsorgsarbeid, dvs. deltidsarbeidarane. Her må diskrimineringsvernet gjerne skreddarsyast deira spesifikke behov. For begge desse gruppene handlar eit tydeleg diskrimineringsvern om samfunnets erkjenning av omsorgsarbeid som samfunnsøkonomisk verdiskapande.

2. Har høyringsinstansane meiningar om korleis rettane er føreslått formulert og avgrensa i lovforslaget?

Til dette spørsmålet vil NKA rette merksemda mot formuleringa “rett til å fremje lønskrav og rett til lønsvurdering”. NKA er usikker på kor sterk denne retten i praksis vil vere. Rett nok er det i strid med diskrimineringsforbodet å vektlegge permisjonsfråvær under lønsvurderingane, men mange arbeidsgjevarar vil meine at fråvær nettopp vil påverke “innsats, erfaring og opparbeidd kompetanse”. Dei kan dermed likevel vektlegge

permisjonsfråvær under fastsettinga av løna (jf. s. 11 i presiseringsforslaget). Ei usakleg meining kan altså skjulast i eit sakleg argument. Sjølv om NKA forstår vanskane med å formulere seg absolutt på dette punktet, vil det her vore ynskjeleg med eit sikrare vern, for eksempel ved å krevje omvendt bevisbyrde?

NKA takkar for at vi har fått høve til å uttale oss! Vi håpar at innvendingane våre blir tatt til vurdering, særleg ynsket om å utvide rettane til alle som prioriterer tid til omsorgsarbeid, både på heil- og deltid.

Venleg helsing

Norske kvinnelige akademikere

Grethe Nina Hestholm
kirfel.hestholm@broadpark.no


Anne Gams Steine Asserson
Anne.asserson@fa.uib.no